

MØTEBOK

Organ	Hovudutval for opplæring
Møtestad	Fylkeshuset, Leikanger. Møterom Firda 1. etg.
Møtedato	03.04.2018
Kl.	10:00 – 13:40

Faste medlemmer til stades:

Karianne Torvanger (Ap)
Henrik Oppen (Ap)
Senea Sabanovic (Ap)
Alfred Bjørlo (V)
Gunn Åmdal Mongstad (Sp)
Ole Johnny Stubhaug (Sp)
Anders Ryssdal (Sp)
Trude Brosvik (KrF)
Sonja Merethe Øvre-Flo (H)

Forfall til møtet:

Varamedlemmer til stades:

Til stades med møte- og talerett:

Fylkesdirektør Bekka Skaasheim
Fylkeshovudtillitsvald Jasmin Eminovic
Elev- og lærlingombod Venke Nordeide

Sekretariat for møtet:

Førstekonsulent Merete Husabø Nornes

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Utvalet vedtok ope møte.

Hovudutvalet for opplæring valde møteleiar og Trude Brosvik til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

Munnlege orienteringar:

Fylkesdirektøren v/Sissel Brusegård og Sissel Espe orienterte om gjennomføring i vidaregåande opplæring og ny struktur i fag- og yrkesopplæringa. Presentasjonen ligg som vedlegg 1 til møteboka.

SAK 6/18 Skriv og meldingar HO 03.04.18.

VEDTAK:

- 1: Rapport vekslingsmodellen
- 1a: Rapport - utprøving av vekslingsmodell (2014-2018)

- 2: Fylkesvise mobbeombod.
- 2a: Invitasjon til deltakelse i ordning med fylkesvise mobbeombod
- 2b: Oppdragsbrev
- 2c: Nasjonal ordning med fylkesvise mobbeombod

- 3: Rapporteringsskjema Jobbsjansen del B 2017 IMDis referanse 17-01714
- 3a: Tilskotsrapport
- 3b: Prosjektrekneskap
- 3c: Jobbsjansen del B 2018

- 4: Rapport språkkommune
- 4a: Språkstrategi for Sogn og Fjordane fylkeskommune

- 5: Fråvær og køyreopplæring – utkast brev til Kunnskapsdepartementet (vert ettersendt)

- 6: Søknad om støtte til gjennomføring av Operasjon Dagsverk 2018 (ettersendt 27.03.18)
- 6a: Budsjett for Operasjon Dagsverk i Sogn og Fjordane 2018

VEDTAK:

Hovudutval for opplæring ønskjer å imøtekomme søknaden om 15.000,- i støtte til Operasjon Dagsverk. Fylkesrådmannen får i oppdrag å omdisponere midlar i sektoren til dette.

SAK 7/18 Stimuleringstilskot for fag- og yrkesopplæringa

VEDTAK:

1. Fylkesrådmannen får mynde til å disponere stimuleringstilskotet for fag- og yrkesopplæringa i 2018 til lærlingar, lærekandidatar og praksisbrevkandidatar med ungdomsrett i Sogn og Fjordane, kr 4.895.000,-, til følgjande tiltak:
 - a. Formidling av lærekandidatar og lærlingar med låge karakterar/stort fråvære, stillingsressurs
 - b. Inntil kr 30.000,- i tilskot til bedrifter som tek inn lærekandidatar under 18 år (lønsmidlar)
 - c. Inntil kr 50.000,- i ekstratilskot til lærebedrift for kvar søkar til læreplass som er vanskeleg å formidle på grunn av låge karakterar, stort fråvære eller vesentlege tilretteleggingsbehov (utprøving i bedrifta, inntil 3 mnd.)
 - d. Oppfylgingstiltak for lærlingar og lærekandidatar der det undervegs i læretida vert avdekka behov for ekstra tilrettelegging

- e. Yrkesfagleg nettverk
- f. Nettverk for jenter i mannsdominerte lærefag og for gutar i kvinnedominerte lærefag
- g. Tilskot til ekstraopplæring for lærlingar med feil fordjuping/omval frå andre utdanningsprogram
- h. Kvalifisering av søkjarar med manglande karaktergrunnlag i fellesfag og/eller programfag
- i. Oppdateringskurs for prøvenemnder
- j. Vg3 i skule som alternativ til læreplass i eige fylke, eller kjøp av vg3 plassar i andre fylke
- k. Tilskot til nye lærebedrifter på kr 30.000 ,- til bedrifter som teiknar lærekontrakt/opplæringskontrakt for fyrste gong. Midlane skal tildelast etter fylgjande kriterium:
 - o Bedrifta må vere ny som lærebedrift (ikkje ha hatt lærlingar siste 7 åra)
 - o Bedrifta må teikne lærekontrakt/opplæringskontrakt med ein søkjar med ungdomsrett
 - o Bedrifta må forplikte seg til å sende instruktør/fagleg leiar på instruktørkurs
- l. Styrking av instruktør opplæringa for nye lærebedrifter, tilskot på kr 5.000,-
- m. Støtte til fylkesmeisterskapet (skulemeisterskapen) for yrkesfag
- n. Støtte til deltaking i Skule-NM for yrkesfag (utgifter utover 1 deltakar per skule)
- o. Støtte til deltaking i fylkesmeisterskap for lærlingar

SAK 8/18 Automatiserings- og dataelektronikarfaget

VEDTAK:

1. Søkjarar som har fullført vg3 automatiseringsfaget og vg3 dataelektronikarfaget som står utan læreplass per 15. august (påfølgjande skuleår), får tilbod om ekstra opplæring ved den skulen der dei fekk opplæring på vg3.
2. Skulen som gav opplæring på vg3 (avgjevarenskule) har ansvar for:
 - a) sikre at kandidaten er klar for fagprøve gjennom ekstra opplæring i skule og utplassering i bedrift
 - b) oppmelding til fagprøve
 - c) den praktiske tilrettelegginga av fagprøva
 - d) avvikling av fagprøva
3. Skulen som gir opplæring får basistilskot II i inntil tre månader per kandidat. Tilskotet skal dekkast over løyvinga til tilskot til lærebedrifter.
4. Tilbodet gjeld ikkje elevar som har takk nei til læreplass.

**SAK 9/18 Plan for kompetanseutvikling i vidaregåande opplæring
2018-2019**

VEDTAK:

Plan for kompetanesutvikling i vidaregåande opplæring skuleåret 2018-2019 vert vedteken slik den ligg føre.

SAK 10/18 Etablering av kvalitetsutviklingsgrupper ved dei vidaregåande skulane

VEDTAK:

1. Det vert etablert ei prøveordning med kvalitetsutviklingsgrupper ved dei vidaregåande skulane i etterkant av skulevurdering
 2. Prøveordninga med kvalitetsutviklingsgrupper startar skuleåret 2018/2019 og skal evaluerast i 2020
 3. Det skal utarbeidast eit eige mandat for arbeidet i kvalitetsutviklingsgruppene og krav til kven som skal sitje i dei
 4. Finansieringa av kvalitetsutviklingsgruppene skal differensiert ut frå storleiken på skulane.
 5. Løyvinga til kvalitetsutviklingsgruppene vert finansiert frå statlege restmidlar
-

SAK 11/18 Justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2018-2019

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Opplæringstilbodet for skuleåret 2018-2019, vedteke i HO-sak 34/17, vert endra slik:

Det utlyste tilbodet ved Dale vidaregåande skule vert endra slik:
Vidaregåande trinn 1 teknikk og industriell produksjon vert auka frå 1 til 2 grupper
Vidaregåande trinn 2 industriteknologi vert ikkje sett i gang

Det utlyste tilbodet ved Flora vidaregåande skule vert endra slik:
Vidaregåande trinn 2 elenergi vert auka frå 1 til 2 grupper

Det utlyste tilbodet ved Mo og Øyrane vidaregåande skule vert endra slik:
Vidaregåande trinn 1 helse og oppvekst vert auka frå 3 til 4 grupper

Det utlyste tilbodet ved Måløy vidaregåande skule vert endra slik:
Vidaregåande trinn 1 naturbruk vert auka frå 1 til 1,5 grupper
Vidaregåande trinn 2 plast og kompositt vert ikkje sett i gang

Det utlyste tilbodet ved Sogndal vidaregåande skule vert endra slik:
Vidaregåande trinn 2 kokk- og servitør vert ikkje sett i gang

Det utlyste tilbudet ved Stryn vidaregåande skule vert endra slik:
Vidaregåande trinn 1 studiespesialisering vert redusert frå 2 til 1 gruppe
Vidaregåande trinn 1 service og samferdsel vert auka frå 1 til 2 grupper
Vidaregåande trinn 1 helse og oppvekst vert auka frå 1 til 2 grupper
Vidaregåande trinn 2 helsearbeidar vert redusert frå 2 til 1 gruppe
Vidaregåande trinn 2 byggteknikk vert redusert frå 2 til 1 gruppe

Det utlyste tilbudet ved Årdal vidaregåande skule vert endra slik:
Vidaregåande trinn 2 kjemiprosess vert ikkje sett i gang

2. Tilboda som ikkje er tilrådd å sette i gang for skuleåret 2018-2019 skal vurderast i sak om opplæringstilbodet for skuleåret 2019-2020. Dette er under føresetnad av at fellesnemnda for samanslåing av Hordaland og Sogn og Fjordane gjer vedtak om separate budsjett og opplæringstilbod i dei to fylkeskommunane.
3. Det vert sett av ressursar tilsvarande 1 grupperessurs til å opprette ei ekstra gruppe, eller til å finne løysingar for auka plasstal i samband med inntaket. Fylkesrådmannen får mynde til å disponere ressursen.

Endringsframlegg:

Hovudutvalet for opplæring kom med følgjande endringsframlegg:

Punkt 1, tilbod ved Stryn VGS : Linje 1 og 2 gjeldande Stryn VGS vert strokne.

Tillegg punkt 1, tilbod ved Årdal VGS.:

Hovudutvalet ser det som viktig at det vert rekruttert lærlingar frå vg2 kjemiprosess ved Årdal VGS, og ber om at det vert laga eit tilbod til dei aktuelle søkjarane i samarbeid mellom skule og næringsliv. Det må opnast for å nytte noko av tilleggsressursen til dette, jf. omtale i saka.

Hovudutvalet syner til stort engasjement frå næringslivet for kjemiprosess-utdanninga, og føreset at næringslivet ut frå dette arbeider aktivt med å auke rekrutteringa til faget i åra framover.

Endring punkt 2.

Tilboda som ikkje er lyste ut eller tilrådd å setje i gang.....

Avrøysting:

Framlegget frå fylkesdirektøren med dei endringane som kjem fram under endringsframlegg vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Opplæringstilbodet for skuleåret 2018-2019, vedteke i HO-sak 34/17, vert endra slik:

Det utlyste tilbudet ved Dale vidaregåande skule vert endra slik:
Vidaregåande trinn 1 teknikk og industriell produksjon vert auka frå 1 til 2 grupper
Vidaregåande trinn 2 industriteknologi vert ikkje sett i gang

Det utlyste tilbudet ved Flora vidaregåande skule vert endra slik:
Vidaregåande trinn 2 elenergi vert auka frå 1 til 2 grupper

Det utlyste tilbudet ved Mo og Øyrane vidaregåande skule vert endra slik:
Vidaregåande trinn 1 helse og oppvekst vert auka frå 3 til 4 grupper

Det utlyste tilbudet ved Måløy vidaregåande skule vert endra slik:

Vidaregåande trinn 1 naturbruk vert auka frå 1 til 1,5 grupper
Vidaregåande trinn 2 plast og kompositt vert ikkje sett i gang

Det utlyste tilbodet ved Sogndal vidaregåande skule vert endra slik:
Vidaregåande trinn 2 kokk- og servitør vert ikkje sett i gang

Det utlyste tilbodet ved Stryn vidaregåande skule vert endra slik:
Vidaregåande trinn 1 helse og oppvekst vert auka frå 1 til 2 grupper
Vidaregåande trinn 2 helsearbeidar vert redusert frå 2 til 1 gruppe
Vidaregåande trinn 2 byggteknikk vert redusert frå 2 til 1 gruppe

Det utlyste tilbodet ved Årdal vidaregåande skule vert endra slik:
Vidaregåande trinn 2 kjemiprosess vert ikkje sett i gang

Hovudutvalet ser det som viktig at det vert rekruttert lærlingar frå vg2 kjemiprosess ved Årdal VGS, og ber om at det vert laga eit tilbod til dei aktuelle søkjarane i samarbeid mellom skule og næringsliv. Det må opnast for å nytte noko av tilleggsressursen til dette, jf. omtale i saka.

Hovudutvalet syner til stort engasjement frå næringslivet for kjemiprosess-utdanninga, og føreset at næringslivet ut frå dette arbeider aktivt med å auke rekrutteringa til faget i åra framover.

2. Tilboda som ikkje er lyste ut eller tilrådd å setje i gang for skuleåret 2018-2019 skal vurderast i sak om opplæringstilbodet for skuleåret 2019-2020. Dette er under føresetnad av at fellesnemnda for samanslåing av Hordaland og Sogn og Fjordane gjer vedtak om separate budsjett og opplæringstilbod i dei to fylkeskommunane.
3. Det vert sett av ressursar tilsvarande 1 grupperessurs til å opprette ei ekstra gruppe, eller til å finne løysingar for auka plasstal i samband med inntaket. Fylkesrådmannen får mynde til å disponere ressursen.

**SAK 12/18 Budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022 -
 sektorbudsjett for opplæring**

VEDTAK:

1. Hovudutval for opplæring sluttar seg til fylkesdirektøren si skisse til tilpassing innanfor gjevne sektorrammer.
 2. Hovudutvalet ber om at sektorramma for opplæring vert styrka med 13,9 mill. kr i 2019 og 12,4 mill. kr årleg frå 2020.
-

SAK 13/18 Lærlings situasjonen i helsearbeidarfaget

Hovudutvalet for opplæring fremma saka i møte.

Framlegg til vedtak:

Hovudutvalet for opplæring kom med følgjande framlegg til vedtak:

Hovudutval for opplæring viser til møte og dialog mellom Fagopplæringsnemnda og Helse Førde gjeldande lærlingsituasjonen i helsearbeidarfaget. Vi vil sterkt oppmode Helse Førde om å ta inn lærlingar i helsearbeidarfaget, og på denne måten bidra til å auke rekruttering av ei yrkesgruppe som det er stor trong for i framtida.

Avrøysting:

Framlegget frå hovudutvalet for opplæring vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Hovudutval for opplæring viser til møte og dialog mellom Fagopplæringsnemnda og Helse Førde gjeldande lærlingsituasjonen i helsearbeidarfaget. Vi vil sterkt oppmode Helse Førde om å ta inn lærlingar i helsearbeidarfaget, og på denne måten bidra til å auke rekruttering av ei yrkesgruppe som det er stor trong for i framtida.
